

# TIPPETUE

ARKITEKTER AS

Til Alver kommune

Saksnummer:

Gnr/ bnr. 212/132 m.fl

Adresse: Torvhusmyrane/Ostefjordvegen

Tiltakshaver: ATR Eiendom AS

Gjelder: Søknad om dispensasjon til oppføring av mur

Bergen, 01.11.2022

## **Søknad dispensasjon til oppføring av støttemur i KBA4, g/bnr 212/132 m.fl. Eikanger Øvre**

Støttemuren som søkask oppført mot nabogrense er i strid med formålet KBA, *kombinert byggje- og anleggsformål*, samt også med regulert byggjegrænse, og det søkask difor om dispensasjon. Søknad om dispensasjon er også omtala i sjølve søknaden om etablering av KBA4.

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter PBL §19-2.

1. Omsyna bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje vert vesentleg satt til side, og at
2. Fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Fordelane med oppføring av støttemur er at nabotomta vert sikra mot utrasing som fylgje av arbeidet med planering av KBA4. Nabotomta, g/bnr 212/3, ligg høgare i terrenget enn det ferdig planerte arealet i KBA4 vil gjere og oppføring av støttemur er difor naudsynt i samband med sikkerheit både i anleggsperioden og når arealet er ferdig planert. Støttemuren vil ikkje hindra utsyn/sikt då han er plassert lågt i terrenget og opp mot naboeigedomen.

Tiltakshavar skal sjølve innhente samtykkje frå nabo til bygging av muren, denne vil verte vedlagt søknad om løyve til tiltak.

Basert på det ovanfor nemnte kan vi ikkje sjå at etablering av støttemur vil medføre negative konsekvensar

Ansvarleg søkar

Tippetue Arkitekter AS  
v/Mai Cecilie Stabell